




# RETTELEIING

med satsar gjeldande frå 01.03.10



## Dato og klokkeslett:

Dato og klokkeslett for når reisa tok til og slutta skal alltid førast på. For opphald med pensjon skal ein føre på rekninga tidspunktet første felles måltid og avslutning av siste felles måltid.

## Reiseutlegg:

Betalte utlegg til ferjer, bompengar, buss og tog skal legitimerast. For fly må billetteheftet vedleggjast. Ved bruk av drosje må kvittering leggast ved. Parkeringsutgifter må også legitimerast. Frå 1/3-04 er det innført moms på transportmiddel. På fly, ferge, buss, drosje og tog er det 8% mva. Parkeringsgebyr skal førast på feltet reiseutlegg u/mva. På bompengar er det ikke moms. Det må gå fram kva mva sats utlegget de krev refunder har. Fordelast på mva sats under L/T art 491.

## Bilgodtgjersle:

Kilometergodtgjersle ved bruk av eigen bil er kr 3,65. Etter kjørte 9000 km redusertast km-godtgjersle til kr 3,00. Passasjertillegget er kr 0,90 per passasjer per km.

## Ulegitimert overnatting:

Det ulegitimerte nattillegget er kr 400,-.

Ulegitimert nattillegg blir berre utbetalt ved heil natts fráver frå eigen bustad.

## Legitimert overnatting:

Legitimerte utlegg til hotellrom blir refundert med inntil kr 1.400,-. Kun romprisen skal førast på L/T art 490 all kost må førast på L/T art 495. Dette skuldast komp. ordninga for mva. Original kvittering frå hotellet må leggast ved. Når frukost er inkludert i romprisen, reduserast kostgodtgjersla med kr 58,-. Føres opp under servering L/T art 919.

## Kostgodtgjersle

### Reise under 15 km gir ikkje rett på kostgodtgjersle

Reise over 15 km

- Over 5 tom 9 timar: kr 175,-
- Over 9 til og med 12 timar kr 270,-
- Over 12 timar kr 445,-

### Med overnatting

- Over 12 timar (pr.døgn): kr 580,-

Når reisa varer 6 timar eller meir over heile døgn, gjev dette rett til eit heilt kostdøgn til. Alle kostdøgn er kostdøgn med overnatting.

For frådrag for enkeltmåltid på dagreiser er kostgodtgjersla samansett slik: lunsj kr 175,-, middag kr 222,50. Måltid førast i trekkolonne art 919/920. Frådrag for enkeltmåltid med overnatting er trekk slik: frukost (10%) 58,-, lunsj (40%) 232,- og middag (50%) 290,- berekna av døgnatsen på kr 580,-. Førast i trekkkolonne art 919.

Ved opphald med full pensjon får ein i tillegg til pensjonsprisen ei ekstragodtgjersle på kr 60 pr døgn. Reknast berre for heile døgn. Innbydning til kurs/seminar skal ligge ved reiserekninga. Ved ulegitimert overnatting skal kostgodtgjersle delast mellom skattefri/skattepliktig del: Med kokemoglegheit (privat overnatting) skattefri del kr 189,- og skattepliktig del kr 391,-. Utan kokemoglegheit (pensjonat) skattefri del kr 292,- og skattepliktig del kr 288,-.

## Honorarsatsar:

Frå 1.01.2008 er det vedteke nye honorarsatsar:

kr 1000,- per kandidat for leiar

kr 800,- per kandidat for medlem

Når det vert gjennomført prøver for fleire kandidatar samtidig, vert honoraret redusert til kr 500,-/kr 400,- frå og med femte kandidaten. Honoraret inkluderer alt prøvenemndsarbeid i høve til prøveavvikling.

### Overgangsordningar:

For nokre fag vert det som ei overgangsordning fastsett egne honorarsatsar. Ein viser til brev til prøvenemndene datert 22.12.00 om godtgjersle og nye honorarsatsar.

Honorar skal førast på reiserekninga under rubrikk honorar (L/Tart 270).

## Tapt arbeidsforteneste:

Fylkeskommunale valde representantar har rett til dekning av legitimert tapt arbeidsforteneste (inkl. feriepengar) og legitimerte utgifter som utføring av vervet fører med seg, med inntil ei dagløn (gjeld frå 01.01.10) på kr 3.508,-, jfr pkt II i godtgjerslereglementet.

*Som legitimasjon for tapt arbeidsforteneste skal løns-mottakarar nytte skjema for "Erklæring frå arbeidsgjevar om trekk i løn for fylkeskommunal tillitsmann".*

Sjølvsendig næringsdrivande skal leggje fram likningsattest og utskrift av siste års likning. Tap pr dag blir utrekna etter netto årsinntekt dividert på 260 dagar. Dersom likningsutskrift ikkje gjev nok opplysningar for utrekning av det reelle tapet, kan ein i tillegg til likningsutskrift leggje ved eiga fråsegn med ei utrekning av inntektstapet som kan godkjennast av fylkesrådmannen. Heimearbeidande, studentar og andre utan vanleg lønsinntekt, som har tap og utgifter som ikkje kan legitimerast i samband med utføring av fylkeskommunale verv, får erstatning med kr 1.350,- pr tapt heil arbeidsdag. Deltidstilsette kan få refusjon både som heimearbeidande og for trekk i løn (sjå reglementet).